

BOKN BYGDABBLAD




Nr 8 Oktober 2004 - Årg. 19

www.bygdabladet.no



Strålande - s. 2



Minnesmerke - s. 3



Straum - s. 6



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





Eit strålende resultat!

Jardar Havikbotn

Bokn gav mest av alle kommunane i Rogaland og er nr. 5 av landets mest gavmilde kommunar.

Det var fleire boknarar som sperra opp augo utover TV-aksjonskvelden 17. oktober då Bokn gjekk heilt til topps i fylket, til og med forbi Utsira.

Etter at bøssene var opptelde kl. 17.00 var summen, inkl. innkomne gåver, kr. 53.462,- Dette tilsvarte kr. 69,70 pr. innbyggjar og låg under fjorårets resultat, som igjen var det nest beste resultatet i Bokn gjennom tidene. Men i løpet av kvelden steig talet til kr. 122,72.



VELFORTENT: Ordførar Svein Ove Alvestad, sanitetsdamene Ragnhild Laupland, Torunn Hognaland, Inger Sønnøve Bokneberg og SR-bank-representant May Jorunn Vatnaland rundt kaffibordet.

- Me må anta at det er gjevarar i Bokn som har ringt inn beløp, seier fylkesaksjonsleiar Kjartan Førde til Bygdabladet. Han legg også til at generelle gåver og inntekter, som blir fordelt på alle innbyggjarane i landet, kjem i tillegg, og dette gir ei god auke.

Annan konto

May Jorunn Vatnaland i SR-bank Bokn fortel at fjorårets beløp frå Formannsskapet, som også då var kr. 8.000,- ikkje blei sett inn på same bankkonto som dei andre innsamla beløpa, og har kanskje då verka inn på resultatet dersom

denne gåva blei sendt inn for seint, men dette blir berre spekulasjonar.

"Vær så god - vi er ikke hjemme"

Ei svært gledeleg overrasking er det i alle fall, særleg med tanke på at bøssebærarane ikkje meldte om spesielt mange som ikkje var heime då dei kom. Tvert imot kunne to av dei melta om konvoluttar på dørene med pengar oppi, frå folk som var borte. Ein annan gavmild sjel hadde sett eit glas stappfullt med myntar på trappa!

Representantar frå Bokn sanitetsforening og Bokn Røde Kors gjekk med bøssene i år. Sistnemnde har gjort dette i mange år på rad no, og det er imponerande at eldsjeler kjem att for å gjera denne jobben år etter år!

Sanitetsforeningen er også ofte involvert i innsamlingsaksjonar. I tillegg gav leiar Inger Sønnøve Bokneberg kr. 6.000,- i gåve frå foreninga.

Kl. 17.00 den 17.10 var oversikta denne:

Bøssebeløp	kr. 29.394,-
Bokn formannskap	kr. 8.000,-
Bokn sanitetsforening	kr. 6.000,-
Sentral konto (regjeringsgåve, nasjonale gåver, kontofon):	kr. 7.666,-
Sentral konto (frå kommunen/fylket, gjevartelefon, skulebasar):	kr. 44.025,-
Totalt	kr. 95.084,-
Pr. innbyggjar	kr. 123,97

Takk!

På vegne av kommunekomitén vil eg retta ein stor takk til sanitetsdamene og medlemmene frå Bokn RK for bøssebærarjobben. Til SR-bank Bokn for sikker handtering og organisering avpengane samt sosialt samkvem med kake og kaffi.

Stor takk til alle i Bokn som støttet TV-aksjonen 2004!



EIT MINNESMERKE

over våte graver

Birger Lindanger

Ein stad å gå til

Bokn er ei sjøbygd! For å koma til og frå, har boknarane til alle tider måttå i båt. Levevegen henta boknarane like mykje frå sjøen som frå land. Men sjøen var òg ein livstrugande fiende.

Så lenge det har funnest boknarar, har mange av dei kome bort på sjøen. Stundom kom dei bort ein og ein, andre tider fleire om gongen. Bare dei siste 150 åra har fleire titals boknarar forsvunne på sjøen og lete etter seg kjære utan ei grav å gå til! Difor har soknerådet fått i oppgåve å laga eit opplegg til høveleg monument over dei ein ikkje fann att - ein stad å gå til for etterlevande i sorg og ettertanke.

Ein Stein frå sjøen

Soknerådet har drøfta saka og har dessutan hatt møte med Rogaland Kunstsenter om koss oppgåva best kunne gripast ann. Det me landa på, var ein Stein frå flomålet ein eller annan stad i Bokn.

Steinen kan gjerne vera ein til halvannan meter høg og tilsvarande brei. Vidare bør han bera preg av å ha lege i sjøen. Så vil form, mønster, fargespel og steinslag vera med og avgjera kven som høver.

Meininga er at den rette steinen skal plasserast på kyrkjegården til venstre innanfor porten til kyrkja. Her får steinen ei høveleg innskrift og området der steinen ligg blir tilrettelagt for å danna ei verdig innramming, kanskje med benk.

Bli med på steinjakt

Så gjeld det å finna ein høveleg stein! Det er her utfordringa går vidare til Bygdabladet sine lesarar. Fram med kameraet og trål strendene etter den rette steinen! Ta foto frå alle vinklar - minst fire - og sett gjerne inn ein målestokk som viser kor stor han er.

Bileta kan leverast anten i redaksjonen til Bygdabladet eller hjå Svanhild Alvestad på kyrkjeverjekontoret. Sidan skal steinane vurderast både av soknerådet og kunstnar for å finna den rette.

Dei tri ein synest best om, vil sidan bli presenterte i Bygdabladet.

God fotojakt!




Foto: JH

Hva med å gi førstehjelpsutstyr til jul?

Bokn Røde Kors Hjelpekorps selger følgende praktiske julegaver:

- **Hard/myk liten førstehjelpskoffert kr. 300,-**

Innholder følgende:

- førstehjelpshefte
- saks
- pinsett
- sikkerhetsnåler
- sårvaskservietter
- øyebadeglass
- saltvannsoppløsning 30 ml
- engangshansker
- munn-til-munn duk
- plasterpakke
- små kompresser
- smalt gasbind
- fingerbandasje
- liten enkelmannspakke

Disse små førstehjelpskoffertene kom på andre plass i test hos TV hjelper deg.

Til sammenligning kan du kjøpe nesten tilsvarende på apotek, men da koster den kr. 550,-



- **Liten førstehjelpspose kr. 100,-**
Innholder diverse førstehjelpsutstyr
- **Nøkkelringer med munn-til-munn dukke kr. 30,- pr stk**

Interessert?

**Kontakt Susanne Pyramidia Grønnestad
på tlf. 90 52 96 93**

Varme hjarterom!

Jardar Havikbotn

Det kom inn over 10.000 kr. då Bokn skule 15. oktober inviterte heile bygda til Ope hus i samband med årets TV-aksjon.

Den fantastiske basaren på same tid i fjor, der inn-tektene også gjekk til TV-aksjonen, gav meirsmak og med dagens flotte resultat håpar me no at dette blir ein årleg tradisjon, fortel rektor Ingjerd Ellingsen til Bygdabladet.



HJARTEROM-KAFÉ: 9. klasse var ansvarlege for kaféen. Her representert med fv. Natalie G. Våge, Audhild Sæbø og Vivian Pedersen.

HJARTE-ROM-GYMSAL:
Rektor
Ingjerd
Ellingsen
og ord-
førar
Svein Ove
Alvestad
var
imponerte
over alle
gåvene
som kom
inn.



100 stk. - svært imponerande, stod på eit lang bord foran scenen. Oppå scenen stod 1. og 2. klasse i kor og framførte "Måne og sol" og "Barnas blues".

9. klassingar kunne frista med heimabakst, kaffi og saft i kaféen. Ein kveld tidlegare i veka hadde dei hatt ein halv skuledag på skulekjøkkenet.



HJARTEROM-1. KLASSE: Farmor Ingrid Jøsang med barnebarna Sander (tv.) og Bjørn Ove.

Medan det for eit år sidan blei loddet ut elevarbeid frå eit Kystkultur-prosjekt, hadde skulen denne gong oppfordra bygdafolk til å gi ei gåve til basaren. I tillegg stod ungdomsskuleelevar bak kaféen og hovudgevinsten. Sistnemnde var ein flott og solid bordbenk.

Gledeleg var det at mange voksne kunne komma til desse føremiddagstimane. Foreldra og beste-foreldra tok seg ein tur i klasseromma og besøkte sine før alle samla seg i gymsalen, som blei stappfull av folk. Dei innkomne gevinstane, rundt




Annelin Eide (tv) og Amalie Nilsen fekk besøk av mødrene sine, Kristin Eide og Anne Lise Nilsen.

Ingjerd nemner at tiltaket går rett inn i læreplanen.

I L97 står det under "Kostvaner og matglede" for ungdomssteget m.a. dette:
- kunne utføre omsorgsoppgaver i hjem og nærmiljø og bidra ved ulike sammenkomster som arrangementer på skolen, ved jubileer og høytider

Rektoren og underteikna er svært nøgde med at denne opne dagen blei ein møteplass med varme og hjarterom; eit **gjestebod** i tråd med inten-



sjonane til årets TV-aksjon.

Underteikna vil også, på vegne av den kommunale aksjonskomiteen, takka alle som bidro til ei koseleg og sosial stund.

Det kom inn kr. 10.068,- og saman med kr. 8.000,- fra Formannskapet tilsvarte dette omrent kr. 24,- pr. boknar, allerede før bøssene blei borne rundt i kommunen.

Bokn kommune var då igjen på god veg til eit godt innsamlingsresultat.

HJARTEROM-SCENE: 1. og 2. klasse framførte to songar.



Nytt & nyttig - kommunen

www.bygdabladet.no

TILSETT	FUNKSJON	TELEFON	E-POST
	Sentralbord	52 75 25 00	postmottak@bokn.kommune.no
Jan Erik Nygaard	Rådmann	52 75 25 01 - 98 22 15 01	jnygaard@bokn.kommune.no
Solrunn Alvestad	Økonomisjef/personalansvarleg	52 75 25 02 - 98 22 15 02	soa@bokn.kommune.no
Svein Ove Alvestad	Ordførar - ring for avtale	52 75 25 03 - 91 35 40 82	svein@bokn.komune.no
Reidar Alvestad	Seksjonssjef sosial/barnevern	52 75 25 04 - 98 22 15 04	ralvestad@bokn.kommune.no
Hans Faye	Seksjonssjef teknisk	52 75 25 05 - 98 22 15 05	hfaye@bokn.kommune.no
Unni W W Høivik	Ingeniør	52 75 25 06 - 98 22 15 14	uhoivik@bokn.kommune.no
Leni Mannes	Økonomiavdelinga, rekneskap/løn	52 75 25 07 -	lem@bokn.kommune.no
Lindy Haram	Økonomiavdelinga, skatt/fakturering	52 75 25 09 - 99 53 19 35	lharam@bokn.kommune.no
Jardar Havikbotn	Seksjonssjef kultur	52 75 25 08 - 98 22 15 08	jhavikbotn@bokn.kommune.no
Gro Sørensen	Seksjonssjef servicetorg	52 75 25 10 - 98 22 15 00	gsorense@bokn.kommune.no
	Telefaks Boknatun	52 75 25 15	
Anny Kallekodt	Pleie- og omsorgssjef	52 75 25 16	anny@bokn.kommune.no
	Bokn sjukestove	52 75 25 30	
	Legevaktsentralen	52 74 85 22	
Gunn Grønnestad	Seksjonssjef helse	52 75 25 34 - 98 22 15 03	ggroennestad@bokn.kommune.no
Miriam Berland	Psykiatrisk sjukepleiar ti./on 8.00 - 15.00	52 75 25 36 - 40 41 05 70	
Mandag og torsdag	Legekontor	52 75 25 40	
Rita B. Førland	Open helsestasjon torsd. 08.30 - 11.30	52 75 25 43	rbforland@bokn.kommune.no
Linda Ognøy	Bokn bibliotek	52 75 25 45	lognoey@bokn.kommune.no
Svanhild Alvestad	Kyrkjeverge ti./to. 08.30 - 15.30	52 75 25 47 - 93 41 54 40	salvestad@bokn.kommune.no
Dag Halvorsen	Seksjonssjef skule	52 75 25 50 - 98 22 15 10	dhalvorsen@bokn.kommune.no
Ingjerd Ellingsen	Rektor	52 75 25 51 - 98 22 15 11	iellingsen@bokn.kommune.no
Ranveig Nygaard	Skulefritidsordning	52 75 25 65 (66)	rnygaard@bokn.kommune.no
	Telefaks skulen	52 75 25 67	
Annette Bokneberg	Forkontor, skulen	52 75 25 69	annette@bokn.kommune.no
Inger Grete Wiken	Seksjonssjef barnehage	52 75 25 70 - 98 22 15 12	iwiken@bokn.kommune.no
Anita Knutsen	Tannlegekontor torsdag og fredag	52 75 25 80	

Lys i mørketida

Reidar Alvestad

Mangel på parafin og olje

Under krigen 1940–1945 var det mangel på det meste av det folk trøng. Dette førte med seg at alternative løysingar vart prøvde, både når det galdt erstatningar for ein del matvarer, og andre måtar å løysa oppgåver på.


Mellom anna var det folk som sjølv dyrka tobakk her på Bokn under krigen.

Bokn hadde ikkje fått elektrisk straum på denne tida, det kom først 9–10 år etter krigen, altså i 1954–55.

I heimane måtte folk ha blendingsgardiner. Det var visstnok for at tyskarane meinte at iendentlege fly elles kunne sjå lysa når det var mørkt.

Men folk måtte ha lys. Tidlegare hadde dei brukt olje- og parafinlampar. Med krigen vart det knapt om parafinen, og olje-produkta heldt også därleg kvalitet. Mange var oppfinnsame, og nyttet ut naturressursane for å få lys. Mellom anna var det ein del som hadde eller fekk tak i bilbatterier slik at dei kunne ha små lyspærer inne. Batterier brukte dei også for å lytta på radio. Men batteriene måtte ladast opp, og her var det både vasskraft og vindmøller som vart nytta for å produsera straum.

Kvernhusbekker



Kvednabekken hadde mange vassfall frå den tida det var kvernhus langs bekken. Det var nokre som nytta dette til kraftverk før me fekk elektrisk straum.

Kvernhus var det fleire stader i Bokn. Både i tilknyting til Kvednabekken og bekken frå Hognalandsvatnet veit me at det blei produsert straum i små mengder for å lada opp batterier som vart nytta til å skaffa lys og i radioar under krigen.

På Hognaland hadde Trygve Laupland ein slags



Rester av minikraftverket som Julius Alvestad sette opp i Kvednabekken etter krigen.

Iadestasjon inne i kvernhuset kor batterier vart lada med straum frå bekken. Han hadde visstnok også lagt trådar heim til huset.

I Kvednabekken like ved huset sitt hadde også Magnus Bokneberg adgang til å produsera litt straum, fortel Hannemor Alvestad. Det er sikkert muleg at det også var andre rundt på øyane som på eitt eller anna vis skaffa seg straum til radio eller lys.

Vindmølle

På Tveitane hadde Konrad Hognaland laga ei vindmølle som produserte straum. Med denne lada han opp batterier både for seg sjølv og andre under krigen. Han hadde konstruert vindmølla på ein spesiell måte, slik at ho også kunne tåla sterk vind utan å bli øydelagd. Sjølv hadde han ved hjelp av straumproduksjon frå vindmølla lys i dei fleste romma i huset på Hognaland.

Konrad Hognaland seier til Bygdabladet at han i denne tida også la inn elektrisk lågspentanlegg i butikken og huset hos Olav Alvestad i Alvestadkroken, slik at han kunne ha elektrisk lys. Han brukte eit aggregat som han sette i gong om kveldane når det var mørkt. Det forsynte han med såpass mykje straum at dette gjekk bra.

Då krigen var slutt, og parafin og olje igjen var tilgjengeleg i god kvalitet, vart det meir eller mindre slutt på denne straumproduksjonen. Men det var nokre som laga nye minikraftverk og sette opp lysmaskin også etter krigen. Dette brukte dei nokre år før straumen kom.

Minikraftverk i Kvednabekken

Julius Alvestad var skipselektrikar og var til sjøs under krigen. Ei tid etter at han kom heim,




Tor Alvestad fortel om lysmotoren som forsynte bustader og sjøhus med lys. Han hugsar godt korleis det gjekk føre seg.

bygde han eit lite kraftverk i Kvednabekken på nordsida av huset sitt, og la ledningar fram til huset. Her hadde han då lys i huset, og lada batterier for seg sjølv og andre.

Lysmaskin i Alvestadkroken

Så var det brørne Otto og Alfred Alvestad som hadde ein lysmotor om bord på fiskeskøyta "Aud II". Tor Alvestad fortel til Bygdabladet at dette var ein "Rubb" Wichman 6 hestar 1 sylinder motor som det ikkje vart laga så mange av på Rubbestadneset. Ein tilsvarande motor sto ein stad i Jøsenfjorden ved heimen til Marta Eiane (søster til Else Kjellesvik).

Motoren ga eit svært ujamt lys om bord i Aud II, og etter krigen laga dei eit hus over han i Alvestadkroken, og strekte straumførande



Her står den 1 sylinder 6 hestar lysmotoren lagra hos Ottar Borgenvik . Legg merke til det store svinghjulet.

ledningar fram til bustadhusa sine. Bror deira, Julius Alvestad, la elektrisk anlegg inn i husa slik at dei fekk lys i alle rom. Litt seinare fekk også Otto Alvestad ein liten vaskemaskin som gjekk på denne lysmotorstraumen.

Desse brørne hadde også fiskebruk og eit par sjøhus kor dei la inn lys med straum frå denne lysmotoren, slik at det vart lettare å få utført arbeidet i dei mørke sjøhusa.

Det vesle huset med motoren sto omtrent der kor Inger Grete og Per Erling Wiken har bygd eit lite hus, heilt nede i bakken mellom vegen og sjøen når ein kjører ned mot Alvestadkroken. Det var omtrent midt mellom dei to bustadhusa som fekk straum frå lysmotoren.

Motoren måtte sjølvsagt startast kvar kveld når det mørkna, og stoppast før dei gjekk til ro om kvelden. Straumen vart omforma gjennom batterier og gjekk ut i ledningsnettet til dei to husstandane og sjøhusa. Dei straumførande ledningane vart hengde opp langs telefonstolpane. Når motoren skulle startast, tende dei ei sigarettsliknande brennbar stikke som blei plassert i ein plugg. Så vart pluggen sett i motoren. Etter dette vart motoren starta med å opna for luft frå ei flaske.

Før dei stengde av motoren om kvelden, måtte dei passa på å fylle luft i flaska att medan motoren var varm. Det måtte alltid vera lada straum i batteria, slik at dei også kunne tenna lys for kortare periodar utan at motoren var i gong.

Motoren ga lyd frå seg som høyrdes over området, og det vart merkeleg stilt når han vart avslått om kvelden.

Elektrisk straum til Bokn

Då det nærma seg at elektrisk straum kom til Bokn i 1954-55, kvitta dei fleste seg med dei ulike hjelpe-rådene dei hadde nytta seg av tidlegare, og det vart eit stort framsteg med å få installert straum til lys, varmt vatn, komfyrar, vaskemaskinar, støvsugarar osv.

Ei ny tid

Denne oppbyggingstida kort tid etter krigen vart ei tid kor folk var skikkeleg trøytte av parafin-lampar, kjøkkenomnar og mykje anna gamalt "skrap". Produksjonen av nye varer auka kolos-salt, og folk fekk tilgang på varer og tenester som dei ikkje hadde hatt før. Plasten var på full innmarsj, og folk kasta både det eine og det andre, også ting som i dag går til høge prisar på auksjonar og loppemarknader.

Men lysmotoren i Alvestadkroken vart ståande i det vesle huset, og for ein del år sidan fekk Ottar Borgenvik henta han for å ta vare på han. Det er berre eit par år sidan han har hatt han i gong, og han sveiv som ein slik motor skal gjera.

9. klasse på reise tilbake i tid - framhald frå forrige blad

Jardar Havikbotn - Lars Andre Hognaland - Solveig Våga

Her kan du lesa om korleis eleven Lars Andre Hognaland opplevde vitjinga på bygdemuséet:

Muséum

På fredag skulle gruppe ni til Bokn bygdemuséum dei 4 siste timane av dagen.

Dei som skulle lære oss om dei forskjellige museumsgjenstandane var Eivind Ognøy og Kjetil Hamre.

Det første som skjedde var at me kom inn og såg oss omkring. Etter 10-15 min så samla me oss og Eivind og Kjetil fortalte om museets historie. Huset blei bygd i 1909.

Huset blei først brukt i 1979. Muséet blei brukt til mange ting før det blei museum, m.a. kommune-styre, ungdomshus for kristne, bibliotek, basarar og juletrefestar blei halde der. Muséet har 3500 gjenstandar i huset, men har også nokon gjenstandar på Bokn skule. Det er også 80 gjenstandar på Åmøy.

Då 9. klasse var der oppe 10.09 hadde bygdemuséet nettopp fått inn ein ny gjenstand. Oppi bøssa låg eit skriv frå Solveig Våga:


Dette er pengebøssa som Austre Bokn kvinneforening N.M.S. har samla foreningspengene sine på, til dei skulle til byen å handla inn til basaren, for å få enda meir pengar til misjonen.

Nå er foreningen lagt ned, så bøssa har gjort sin tjeneste, og får heretter stå på museet og fortelja sin historie.

Misionsselskapet vart stifta i Stavanger i 1842. Det fortelles at det var 2 mann frå Austre Bokn med på



Me skulle velge oss to gjenstandar som me skulle teikne å skrive noko om.



Ålefangaren blei brukt til å stike ål og flyndre og andre typar fisk.



Skimla blei brukt til å skremma silda/brislingen frå å gå ut or nota før dei hadde fått snurpa saman. Det var festa ei lang line i enden på skimla, blylodd i den andre. Slik at ho sokk og så hala ein den opp og ned i opninga på nota.....

stiftingsmøte. Ein frå Kro og ein frå Øvrebø. Og ikkje lenge etter, det var i 1850 vart Austre Bokn kv. forening stifta, og den har vore i drift heile tida, 152 år. Men nå er den lagt ned. Alderen gjer sitt inntog i foreningsflokken.

Me var nå berre 4 stk. att, Marie Våge, Margit Kro, Borgny Kro og Solveig Våga. Frå 70 til over 80 år. 20. juli 2002 hadde me vår siste basar. Det er litt trist at det går den veien med foreningane.

Me fekk sendt 13.000,- til N.M.S. som en siste gave.

På Vestre Bokn kom det 2 N.M.S. foreningar ei tid etter vår. Den eine på Hognaland, den er nedlagt for nokre år sidan.

Den andre som er i Kyrkjebygda er i drift framleis, og den einaste nå.

Så me får samla oss om den, og støtta den. Eg er forresten gått over i den nå.

Solveig Våga

Barns tanker om kjærighet og ekteskap

Hvordan bestemmer man seg for hvem man skal gifte seg med?

- «Du må finne en som liker de samme tingene som deg. Hvis du for eksempel liker sport, må hun like at du liker sport, og hente chips og brus til deg mens du ser på sporten» (Emil, 10 år)

Er det bedre å være singel eller å være gift?

- «Det er bedre for jenter å være singel enn for gutter. Gutter trenger noen til å rydde opp etter dem.» (Anna, 9 år)

- «Jeg får hodepine når jeg tenker på sånt. Jeg er

bare et barn» (Adam, 7 år)

Når er den rette alderen å gifte seg?

- «Ingen alder er riktig. Du må være idiot for å gifte deg.» (Fredrik, 6 år)

- «Når du er 84, for når du er så gammel jobber man ikke lenger, og kan ligge på soverommet og elske hverandre hele dagen.» (Carola, 8 år)

- «Når jeg er ferdig i barnehagen» (Martin, 5 år)

Hvordan kan en fremmed se om to personer er gift med hverandre?

- «Gifte ser ofte lykkelig ut når de snakker med andre mennesker» (Elin, 8 år)

- «Du må kanskje gjette, men en god ledetråd er hvis de skriker til samme barn» (Sebastian, 8 år)

Bygdabladet har fått eit reisebrev frå seks utflytta boknarar

Klubbtur til Roma, 23.04.04 – 26.04.04

23.04.04

Vi startet tidlig, kl. 04.30 (før fuglene er hengt ut). Vi møttes på Sola flyplass ca. kl. 05.00. Noen av oss faktisk før den var åpnet!

Flyet til København var i rute og på tross av tidlig morgen, ante vi hvordan helgen ville forløpe. Humøret var på topp, -eller var vi overtrette? Tiden på Kastrup, i påvente av Roma flyet, brukte vi til shopping, samt planlegging av helgen.

En tur med flytoget og vi var i Roma by. Vi gikk først til hotellet, som var et gammelt Pensjonat. Hotellet lå veldig sentralt til, mellom Spanske trappen og Trevi Fontenen.

Beliggenhet, personalet, frokost og rengjøring er det positive vi kan nevne, i forbindelse med hotellet. Vi fant fort ut at 3 dobbel rom ikke nødvendigvis er det samme. Noen fikk en "suite", andre noe midt på treet, mens Jorunn og meg måtte nøyne oss med "kråskapet". Dette tok vi som vanlig med godt humør, vi skulle jo bare sove her....

Etter utpakking gikk vi målrettet mot noen av severdighetene. Det ble mange inntrykk og vi klarte ikke å fordøye en ¼ av det vi ble fortalt av vår meget dyktige guide. Guiden er forresten også fra Bokn og min søster. Hun har ikke vært offisiell medlem i vår klubb, men med hennes kjennskap til Roma var hun en fornøyelse å ha med.

Vi startet med Fontana de Trevi og gikk videre til Santa Maria In Aracoeli kirken og videre til Kapitol høyden, over Forum Romanum og til Colosseum. Som sagt før, masse inntrykk. Vi avsluttet kvelden med middag, og en tidlig "godnatt".

24.04.04

Vi startet dagen med en god frokost. Videre bar det ut i byen igjen og første stopp var for å kjøpe bussbilletter, dette var iflg. vår guide en grei måte å komme seg til Vaticanet på. Og til Vaticanet var det best å komme seg tidlig av gärde for å unngå køer. (-Bare det at på vei til bussstasjonen var det så mye å se....) Endelig kom vi oss på bussen, mye senere enn det vi planlagt. Bussen var full, smekk full! En full buss i Roma betyr å stå som "sild i tønne" og med fyrige italienerne tett inntil kroppen, ja -det ble for mye for en mann i alle fall. Selv denne hendelsen taklet vi greit, og episoden ble stadig brukt på banen, alltid med stor humor.

Endelig; -Vaticanet. Den var stor og ufattelig vakker den lille staten. Dessverre ble vår ankomst litt senere

enn planlagt og det var kommet tillitt vel mye folk allerede. Dagen vi hadde valgt var også spesiell da det skulle foregå noe spesielt her som gjorde at deler av plassen var avstengt. Det ble likevel en stor opplevelse.

Da vi skulle ta fatt på hjemturen bestemte vi oss for å gå, dette medførte mye informasjon om bygninger på vår vei, vår guide var utømmelig når det gjaldt historie og kunnskap. Vi fikk høre om, og se Sant' Angelo også kalt Engleborgen, samt flere av broene over Tiberen og deres historie. Plutselig ble det ble styrtregn og vi måtte søke ly under et tak. Den byggen som kom var med torden og lyn og det haglet STOR hagl. Vi ble stående ca. 1 time og mistet verdifull tid, dette iflg. vår guide som hadde mye mer å fortelle. Resten av turen hjem ble lik, masse historie og kultur.

Da vi nådde hotellet ble det tid for en ½ time pause, klesskifte og så bar det ut igjen. Vi hadde som mål å gå til Piazza Novona, et stort "torg" (som forresten var veddeløpsbane for hunder -før i tiden), nå tilholdssted for kunstnere og deres arbeider. Det er også satt opp mange boder hvor selgere prøver å selge suvenirer og annet "krimskram". På plassen var det 3 store fontener, og langs bygningene på Piazza Navona er det også en kirke (ca. 400 kirker totalt i Roma by). Kirken var bygd av Borromini og heter Sant' Agnese.

Den fontene som lå i midten av plassen var bygd av Borromine sin "konkurrent" Bernini, og har i skulpturen en mann som sitter i en positur som forteller at når fasaden på Sant' Agnese faller, tar jeg mot. Plassen inneholder også mange restauranter og vi fant oss en ute-restaurant hvor vi hadde forfriskninger. Forfriskninger besto ofte i en øl eller et glass vin og det var på denne restauranten at vi døpte denne type drikke om til prutevann, det ble så mye enklere for noen av oss å prute etter forfriskninger....

Veien hjem gikk via stedet hvor Pantheon ligger, Piazza della Rotunda, Pantheon er det første hedenske tempel som ble kristen kirke. Bygd/ferdigstilt av Hadrian som også var arkitekten bak bygningen som i dag brukes som børs i Roma bl.a. På Piazza della Rotunda ligger også mange restauranter og her spiste vi flere kvelder. Etter et godt måltid gikk vi hjem (tidlig) for å møte enda en dag med kultur og historie.

25.04.2004

Vi startet med frokost. Dagen i dag var litt spesiell da vi hadde et fødselsdag "barn" blant oss, som skulle feires.

Etter frokost tok vi buss til Lateran kirken, en av de 4. pavekirkene i Roma. Ved Lateran kirken ligger også Den hellige trapp, denne ble brakt til Roma fra Pontius Pilatus sitt hus i Jerusalem. Trappen er hellig, bygd av marmor og kledd med trevirke. Trappen kan ikke forseres på vanlig måte, skal du opp -må du krype!

Det var en kald dag og kaldere ble det ut over dagen, så vi bestemte oss for å gå hjem å få på oss varmere tøy. Det var godt, for på veien begynte det å regne igjen. Regnet fortsatte hele kvelden. Vi fikk likevel handlet litt i butikker som kom i vår vei, bl.a. pre-sang til bursdagsbarnet, samt en gave som takk for at hun hadde gjort vår tur så innholdsrik.

Denne kvelden skulle vi spise en spesiell plass, en restaurant hvor nonner serverer mat, holder messe og serverer igjen. Dessverre så holdt denne restauranten stengt søndager så det har vi til gode. Det ble en ny middag på Piazza della Rotunda. På hjemturen tok vi turen om Spanske trappen som var nydelig dekorert med store og mange Azaliaer. Et vakkert syn.

26.04.2004

Startet med frokost som vanlig. Tilsynelatende så var værgudene på vår side. Strålende sol fra klar blå himmel. Vi tok med oss et par kirker; St. Maria Maggiore og St. Prassede, men det var dagen hvor tempoet var skrudd litt ned, denne dagen hang ingen etter som "slips".

Det var tydeligvis et lavtrykk over Italia, for plutselig skyet det til og regnet kom over oss igjen. Ikke engang regnet kunne ta fra oss det gode humøret så det betydde ingen ting. Tiden gikk fort mot det tidspunktet hvor vi måtte finne flytoget vårt og komme oss til flyplassen, og vi hang igjen etter vår guide.... Endelig var vi om bord, men ikke før hadde vi slått oss til ro, så måtte vi gå av. Ukjent grunn, men nå begynte det å haste og selvfolgelig ble det neste toget forsiktig.

På flyplassen ble vi mottatt med; hvorfor sjekker dere inn så sent? Vi valgte å ikke prøve å forklare engang, og vi nådde flyet.

Dermed var vår weekend i Roma over, alle hadde kost seg og fikk et felles mål; Vi må tilbake! Selv om vi var heldige og fikk sett mye (mye mer en det som er nevnt her) så er det bare en liten del av det Roma har å by på.

Ragna, guide

Unni

Rigmor

Jorunn

Vigdis

Ingunn

Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

OKTOBER

31. NLM Bedehuset kl. 19.30

NOVEMBER


- 02. Troppsmøte. Lysbilder m/Vorrå i Auditoriet - arr. Mållaget/speidaren
- 02. Kontaktmøte på Bedehuset kl. 20.00**
- 03. Alpha på Bedehuset
- 07. Gudsteneste kl. 19.00
- 09. Troppsmøte. Speidaropptak på Bedehuset
- 10. Barnetime på biblioteket kl. 17.00**
- 10. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps
- 11. Konfirmantar på Bedehuset
- 11. Kommunestyremøte
- 12. Gudsteneste kl. 11.00
- 13. Klubbkveld for ungdom
- 16. Miro-ensemplet og Harbrecht (orgel) i Bokn kyrkje**
- 17. Alpha på Bedehuset
- 19. Kino i Auditoriet
